

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 14.10.2011
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per september 2011**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 120/11 B

Styremøte 02.11. 2011

Forslag til vedtak

1. Styret tek rapporteringa frå verksemda per 30. september 2011 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per september 2011 syner at ventetidene har gått ned igjen etter toppen ein såg i august for ventande og flatar meir ut for behandla pasientar, når ein ser på alle fagområda samla. Basert på historikk er dette ei forventa utvikling. Den gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i september var 82 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 88 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2010, medan aktiviteten i hovudsak er noko lågare innan psykisk helsevern. Unnataket er dagbehandling og poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern for vaksne, kor aktiviteten er høgare.

Talet på fristbrot har gått noko ned og talet langtidsventande har gått marginalt opp i september samanlikna med dei føregåande månadene, medan talet på korridorpasientar per dag innan somatikk og psykisk helsevern har gått marginalt opp.

Akkumulert resultat etter ni månader er kr 304,3 mill som er kr 123,6 mill betre enn budsjettet. Helse Stavanger har realisert 53 % av planlagd effekt av omstillingstiltaka. Helse Fonna har fortsatt svært låg realisering på tiltaka medan Helse Førde har ei realisering på 74 % av planlagd effekt. Helse Førde forbetrar si prognose med kr 5 mill til eit resultat som er kr 15 mill svakare enn resultatkravet. Helse Vest har ved utgangen av september ein netto likviditet på minus kr 445 mill. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg.

Rapportering på bruk av deltid blir behandla i denne rapporten. Lønn er ikkje utbetalt for alle helseføretaka og dette påverkar fleira av samanstillingane under avsnittet om medarbeidarar. Desse resultata vil bli presentert i styremøtet.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i september på 78 prosent, ned frå 81 prosent i august.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 30. september 2011.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

Dei data som blir nytta til å syna aktivitetsutviklinga er tal helseføretaka sjølv har rapportert inn. Biletet under syner endring i aktivitetensnivået per september 2011, samanlikna med tal per september 2010.

Aktivitetsutvikling	Resultat	Mål	Status	=
Somatikk				
Aktivitet målt i DRG-poeng	7,0%	1,5%	🟡	
Aktivitet målt i opphold	3,1%	1,5%	🟡	
Poliklinisk aktivitet	7,4%	4,5%	🟢	
Psykisk Helsevern for Barn og unge				
Aktivitet døgnbehandling	-4,4%	2%	🟡	
Aktivitet dagbehandling	-2,6%	5%	🔴	
Psykisk helsevern for voksne				
Aktivitet døgnbehandling	-1,9%	2%	🟡	
Aktivitet dagbehandling	8,1%	5%	🟢	

Somatikk

Dei absolutte tala syner at det totalt blei generert rundt 183 000 DRG-poeng dei ni første månadene av 2011. Berre Helse Førde HF har ein lågare DRG-produksjon enn i 2010. Det samla talet sjukehusopphold var om lag 181 000. Av føretaka hadde særleg Helse Fonna HF eit lågare aktivitetsnivå enn førre år, medan Helse Førde HF ligg marginalt lågare. Det samla talet polikliniske konsultasjonar var tilnærma 614 000. Alle dei fire helseføretaka har eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2011, enn til same tid i 2010.

Psykisk helsevern


Per september 2011 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt både i liggjedøgn og dagbehandling framleis lågare enn til same tid i 2010. Talet liggjedøgn til no i år ligg rett under 10 500, medan talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar var rett over 85 000. Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har færre dagopphald enn førre år, medan Helse Førde HF og Helse Fonna HF har generert færre liggjedøgn. I Helse Førde HF er reduksjonen i liggjedøgn i tråd med styrevedtak om å redusere sengjettalet. I Helse Fonna HF skuldast låg aktivitet mellom anna at det framleis har vore låg aktivitet ved BUP-Stord grunna mangel på psykiater, samt forskyving av tidspunkt for gjenopning av sengepost etter sommarstenging.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne var lågare enn i 2010 målt i talet liggedøgn, og høgare målt i talet på dagbehandlingar og polikliniske konsultasjonar. I absolutte tal har det blitt generert om lag 189 000 liggjedøgn og gjennomført 166 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald. Helse Fonna og Helse Stavanger har generert marginalt fleire liggjedøgn enn i 2010, medan det berre er Helse Fonna HF som har ein lågare dagbehandlingsaktivitet enn i 2010. I Helse Bergen HF og Helse Førde HF er dette ei ønska vriding frå kortare døgnbehandling til meir poliklinisk behandling.

2. Ventetidsutvikling


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i september 2011 var på 82 dagar. Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretaka for alle pasientar som har starta behandling.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av september 2011 var 88 dagar, fordelt på 63 dagar for prioriterte og 115 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser den samla ventetida for alle ventande fordelt per helseføretak.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlige ventetida for ventande innan somatikken var 87 dagar ved utgongen av september. For pasientar med prioritet var ventetida 62 dagar, og for pasientar utan prioritet 113 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i september 2011, så var dei 71 dagar for prioriterte og 106 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 83 dagar i gjennomsnitt for alle som starte behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlige ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 66 dagar, og for ventande utan prioritert var ventetida 118 dagar ved utgongen av september 2011. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 78 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i september 2011 var 81 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 78 dagar, medan ventetida for dei utan prioritert var 123 dagar.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlige ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 78 dagar ved utgongen av september 2011. Ventetida for ventande med prioritet var 40 dagar og 137 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandling i september 2011 var den samla gjennomsnittlige ventetida 52 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 49 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 70 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd aktivt med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2010-sep	3479	11 %	2781	24 %	6260	15 %	2986	25 %
2010-okt	3023	10 %	2215	21 %	5238	13 %	2489	20 %
2010-nov	2032	7 %	2273	18 %	4305	10 %	2031	18 %
2010-des	1367	5 %	1530	15 %	2897	8 %	1451	11 %
2011-jan	1166	4 %	1265	11 %	2431	6 %	1537	14 %
2011-feb	980	4 %	1012	9 %	1992	5 %	1157	11 %
2011-mar	856	3 %	987	8 %	1843	5 %	1187	10 %
2011-apr	921	4 %	729	8 %	1650	5 %	1075	10 %
2011-mai	1012	4 %	991	9 %	2003	5 %	1364	11 %
2011-jun	1050	4 %	1015	10 %	2065	6 %	1389	12 %
2011-jul	1717	6 %	578	10 %	2295	7 %	1417	14 %
2011-aug	1635	7 %	1294	14 %	2929	9 %	1652	16 %
2011-sep	1388	5 %	1387	12 %	2775	8 %	1533	14 %

I den månadlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak, samt for dei private ideelle sjukehusa (samla).


Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



Ein må ta ei høgde for at utviklinga ein ser i Helse Fonna HF heng saman med utfordringar knytt til innføring av DIPS slik dei sjølv hevdar, noko ein og observerte ved innføringa av DIPS i Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF.

I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusera talet langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet langtidsventande fordelt per helseføretak.


Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



4. Korridorpasientar


Figurane under viser utviklinga i bruk av korridorplassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk



I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har korridorbruken hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. I Helse Stavanger HF har dei nyleg opna ein ekstra post i MOBA med 16 plassar for utskrivingsklare pasientar. Frå 1. januar 2012 blir det i samband med samhandlingsreforma innført betaling for kommunane frå første dag, for utskrivingsklare pasientar innan somatikken.

Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan psykisk helsevern



Situasjonen i Helse Bergen HF blir følgt opp i tett dialog med føretaket. Tidlegare planlagde tiltak skjer etter vedteke tidsplanar. I september tok Bergen busenter i bruk alle sine 20 plassar. Dette skulle frigjøre plassar ved DPS-a, som i sin tur vil styrkja kapasiteten ved akutteiningane og gje redusert bruk av korridorplassar. Av figuren ser ein at talet korridorpasientar gjekk markant ned i september 2011.

5. Økonomi


5.1 Resultat

	September			Hittil pr. september		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	1 420	976	444	14 145	11 407	2 738
Helse Bergen	5 711	10 701	-4 990	149 222	112 094	37 129
Helse Fonna	-5 920	776	-6 697	-19 622	7 675	-27 297
Helse Førde	1 476	-3 325	4 801	-37 609	-29 964	-7 645
Helse Stavanger	2 086	3 318	-1 232	43 832	29 938	13 894
Fellesområde, føretaksgruppa	19 670	111	19 559	145 347	42 720	102 627
Administrasjonen	174	-608	782	7 318	1 909	5 410
Helse Vest IKT	-651	-1 408	757	1 644	4 926	-3 282
Til saman	23 966	10 542	13 424	304 278	180 703	123 574

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i september er kr 24 mill som er kr 13,4 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat etter ni månader er kr 304,3 mill som er kr 123,6 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen

Resultatet i september er kr 2,1 mill som er kr 1,2 mill svakare enn budsjettet. Etter ni månader har føretaket eit positivt akkumulert resultat på kr 43,8 mill som utgjer eit positivt budsjettavvik på kr 13,9 mill.

Inntektsida viser eit positivt budsjettavvik på kr 79,5 mill som hovudsakleg skuldast høg aktivitet. Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 65 mill der lønnskostnadane (inkludert innleige) utgjer kr 5,8 mill. Føretaket melder at kr 20,9 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit positivt avvik på lønn på kr 15,1 mill. Dei medisinske varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 33,6 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettet. Gjestepasientar viser eit negativt avvik på kr 26,5 mill og føretaket signaliserer auka risiko for at dei somatiske gjestepasientkostnadane vil auke på grunn av arbeidet med å redusere talet på fristbrot framover.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i september er på minus kr 5,9 mill som er kr 6,7 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat pr september er minus kr 19,6 mill mot eit budsjettet resultat på pluss kr 7,7 mill som gir eit negativt budsjettavvik på kr 27,3 mill.

Etter ni månader viser inntektene eit positivt avvik på kr 9,9 mill medan kostnadssida har eit negativt avvik på kr 37,3 mill. Personalkostnadane inkludert innleige av personell frå byrå viser eit akkumulert avvik på kr 35,6 mill som er kr 6,1 mill høgare enn i førre rapportering. Hovudårsaka til det auka avviket er overforbruk av lønn til faste stillingar og overtid. Dette skjer tiltross for at føretaket har hatt ein relativ stor nedgang i talet på behandla pasientar i perioden og då særleg innan somatikk. Det ser ut til at føretaket ikkje har klart å redusere personalkostnadane i takt med driftsnivået.

Med bakgrunn i den økonomiske utfordringa og den negative utviklinga innan helsefaglige kvalitetsindikatorar hadde Helse Fonna eit ekstraordinært styremøte den 7. oktober der styret blei orientert om status knytt til tiltak for å betre den økonomiske situasjonen.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

Resultatet for september månad viser eit overskot på kr 5,7 mill som er kr 5 mill svakare enn budsjettet. Rekneskapen etter ni månadar viser eit resultat på kr 149,2 mill som er kr 37,1 mill betre enn budsjettet.

Inntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 101,4 mill og skuldast i hovudsak høg aktivitet i føretaket, medan driftskostnadane viser eit negativt budsjettavvik på kr 69,4 mill.

Lønnskostnad og ekstern innleige viser eit marginalt negativt budsjettavvik på kr 11,1 mill. Delar av dette må bli sett i lys av den høge aktiviteten i føretaket samt at lønnsoppgjeren blei dyrare enn budsjettet. Avviket på kjøp av helsetenester er i hovudsak knytt til psykiatri og rus medan avviket på annan driftskostnad hovudsakeleg er knytt til mindrekostnad til pasienttransport. Etter ni månader er det eit negativt budsjettavvik knytt til energikostnadene på kr 7,5 mill.

Helse Førde



All tall i heile tusen

Resultatet i september er minus kr 9,1 mill som er kr 6 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er negativt med kr 39,1 mill som er kr 12,5 mill svakare enn budsjettet.

Inntektene er hittil i år kr 3,0 mill høgare enn budsjettet medan kostnadssida syner eit negativt avvik mot budsjett på kr 10,6 mill hittil i år. Lønnskostnadane viser eit meirforbruk på kr 12,9 mill og det er også eit meirforbruk på kr 3,1 mill knytt til varekostnader. Føretaket har eit mindreforbruk på andre driftskostnadene som utgjer kr 3,4 mill og finanskostnadene har eit mindreforbruk på kr 2,0 mill.

Kjøp av helsetenester

Etter ni månader er resultatet kr 102,6 mill betre enn budsjettet. Det positive avviket er hovudsakleg knytt til kjøp av laboratorium og røntgentenester, mindreforbruk knytt til fellesprosjekt og høgare renteinntekter enn budsjettet.

Administrasjonen

Resultatet pr september er kr 5,4 mill betre enn budsjettet og skuldast hovudsakleg lågare bemannings- og konsulentbruk enn planlagt.

Sjukehusapoteka Vest

Resultatet i september er kr 0,4 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat pr september er kr 14,1 mill som er kr 2,7 mill betre enn budsjettet. Varesalsinntektene er kr 1,8 mill under budsjettet og tenestesalet er kr 2,4 mill under budsjettet. Personalkostnadene er kr 2,1 mill under budsjettet og skuldast mellom anna lågare kurs- og rekrutteringskostnader samt vakante stillingar. Andre driftskostnader er kr 3,4 mill under budsjettet og skuldast utsett vedlikehald og mindre innleige av konsulentar. Finansinntektene er kr 0,8 mill over budsjettet.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i september er kr 0,8 mill betre enn budsjettet noko som gjer eit akkumulert resultat på kr 1,6 mill som er kr 3,3 mill svakare enn budsjettet.

5.2 Omstilling

Helse Stavanger

Pr september månad har føretaket realisert 53 % av planlagt effekt av omstillingstiltaka. På grunn av høg aktivitet innfrir einskilde av føretaket sine divisjonar resultatkravet til tross for låg realiseringsgrad på dei ulike tiltaka.

Helse Fonna

Realiseringsgraden er ennå svært låg og visar 18 % realisering av plan pr september. Føretaket har berekna ein effekt ved årets slutt på kr 32,8 mill (46 %) av samla tiltakspakke på kr 71,6 mill. Heile kr 21 mill er planlagt realisert i november og desember. Den låge realiseringsgraden hittil samt at effekten skal realiserast så seint i året, gjer at omstillingspakken har ein vesentleg risiko.

Helse Bergen

Føretaket rapporterer ikkje på spesifikke omstillingstiltak.

Helse Førde

Føretaket melder om ei realisering på 74% av planlagd effekt pr september, noko som er 7 prosentpoeng høgare enn i rapporteringa pr august. For året totalt melder føretaket om ei effekt på 87 % av dei utarbeida omstillingstiltaka på til saman kr 31,6 mill.

5.3 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	13 800	13 800	0
Helse Bergen	140 000	140 000	0
Helse Fonna	-10 000	10 000	-20 000
Helse Førde	-55 000	-40 000	-15 000
Helse Stavanger	40 000	40 000	0
Fellesområde, føretaksgruppa	100 000	40 000	60 000
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	300	300	0
Sum	229 100	204 100	25 000

Alle tall i heile tusen

Dersom ein tar omsyn til reserven på 153 mill kr, vil ein forventa prognose vere i størrelsesorden 380 – 400 mill kr, noko som er ca 200 mill kr betre enn budsjett.

Utanom Helse Fonna, Helse Førde og fellesområdet rapporterer føretaka ei prognose som er lik budsjettet resultatkrav.

Helse Fonna opprettheld si prognose frå førre rapportering som viser eit underskot på kr 10 mill, som er kr 20 mill svakare enn budsjettet resultatkrav. Forventa effekt av oppdatert tiltakspakke er inkludert i prognosen. Sett i lys av resultatutviklinga hittil samt at dei fleste tiltaka ikkje vil få effekt før tidligast i november er det etter administrerande direktør si vurdering ein betydeleg risiko i prognosene og Helse Fonna vil få ei tett oppfølging, mot slutten av året.

Forventa resultat for fellesområdet i føretaksgruppa er kr 100 mill. Resultatet skuldast hovudsakleg lågare kjøp av helsetenester frå andre enn planlagd samt høgare renteinntekter enn budsjettet. I tillegg er det ein reserve for å dekke usikkerheit på om lag kr 150 mill.

Helse Førde melder at kostnader knytt til gjestepasientar ser ut til å bli lågare enn venta. Dette, saman med at aktiviteten aukar, gjev grunnlag for ei forbetring av prognosene med kr 5 mill. Samla vurdering av prognose for 2011 viser no eit avvik på kr 15 mill i mot budsjett.

5.4 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av september ein netto likviditet på minus kr 445 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto driftskredit for året.



Driftskredittramma vil i løpet av året bli redusert og ved utgangen av året vil den vere på kr 1,998 mrd. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover og om nødvendig må det treffast tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.


6. Medarbeidarar

Lønn er ikkje utbetalt for alle helseføretaka. Dette påverkar fleira av samanstillingane. Resultat for oktober vil bli presentert i styremøtet.

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Rapportering er i tråd med felles nasjonale indikatorar og i tråd med rapporteringskrav frå HOD. Det er 1.987 tilsette som har registrert sin profil per 11. oktober 2011. Av desse er 1708 faste tilsette. Dette betyr at berre 22,2 % av alle dei fast tilsette med deltidsstilling har registrert profilen sin i deltidskartlegginga til nå.

Delen av deltidstilsette og heiltidstilsette er på same nivå som for september. Det har vore ein auke i delen av heiltidstilsette frå januar 2011 til oktober 2011 på tre prosent, frå 9887 til 10191 tilsette. For delen deltid eks tilkalling har det vore ein liten auke frå januar 2011 til oktober 2011 på 0,6 prosent, frå 7663 til 7708 tilsette.



Tal medarbeidarar fordelt på stillingstype og tid for org. eining Alle avdelinger, stilling: alle yrkesgrupper, stillingsprosent: alle stillingsprosenter og kjønn: alle kjønn

	Interne											Totalt tal på midlertidige tilsettingsfor hold	Totalt tal på tilsettings forhold	
	Fast ansatt					Midlertidig ansatt								
	Fast	Permisjon med løn	Fungering/ konstit.	Ulønna permisjon	Totalt tal på faste tilsettingsf orhold	Midlertidig	Timelønna	Vikar	Ny stilling					
201010	16 119	812	167	1104	18 202	1 472	6 933	3 301				11 706	29 908	
201011	16 154	801	161	1128	18 244	1 455	6 835	3 317				11 607	29 851	
201012	16 147	793	155	1158	18 253	1 434	6 950	3 259				11 643	29 896	
201101	16 310	809	159	1103	18 381	1 437	6 142	3 105	1			10 685	29 066	
201102	16 346	808	162	1146	18 462	1 495	6 193	3 122	1			10 811	29 273	
201103	16 417	791	168	1154	18 530	1 543	6 407	3 140	1			11 091	29 621	
201104	16 410	798	167	1185	18 560	1 543	6 312	3 162	1			11 018	29 578	
201105	16 404	793	172	1195	18 564	1 548	6 411	3 191	1			11 151	29 715	
201106	16 569	705	169	1149	18 592	1 537	6 296	4 374	1			12 208	30 800	
201107	16 531	688	160	1148	18 527	1 544	6 199	4 465	1			12 209	30 736	
201108	16 523	768	153	1168	18 612	1 642	6 495	3 182	2			11 321	29 933	
201109	16 660	770	157	1161	18 748	1 672	6 303	3 191	2			11 168	29 916	
201110	16 678	754	150	1148	18 730	1 649	6 028	3 121	2			10 800	29 530	

Tabellen gir oversyn over alle tilsettingsforhold. Ein medarbeidar kan ha fleire tilsettingsforhold

Data overført frå Agresso: 11.10.2011 03:15

Tabell årsaker til deltid:

Av dei som har registrert sin profil i deltidskartlegginga har 78 % oppgitt at dei arbeidar deltid pga eige ønskje eller andre årsaker. Årsakene uførepensjon, helsemessige årsaker, stilling hos annan arbeidsgivar og sosiale eller andre viktige velferdsgrunner er oppgitt som grunn for deltid i 19 % av registreringane.

Fordeling av fast tilsette som kan starte i høgare stillingsbrøk i løpet av ein månad

Faste tilsette som kan starte i høgare stillingsbrøk i løpet av ein månad	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Totalt Helse Vest
mai	6	59	80	42	187
juni	26	85	146	78	335
juli	40	86	145	78	349
august	44	93	147	79	363
september	52	97	157	78	384
oktober	57	101	167	78	403

Per 11. oktober 2011

Det er 403 fast tilsette som har registrert at dei ønskjer å starte i høgare stillingsbrøk i løpet av ein månad. Dette utgjer 5,2 % av alle dei faste deltidstilsette i føretaksgruppa. Dei fast tilsette som har registrert profilen og som ønskjer høgare stillingsbrøk i løpet av det neste halve året eller på lengre sikt utgjer 2,4 % av alle dei fast deltidstilsette i føretaksgruppa.

7. Omdømme

Omdømme	Resultater	Mål	Status	=
Samfunn				
Tiltro til tjenesten				
	78	80	●	
Avvik tiltro pasienter/pårøren...	-4	0	●	
Inntrykk av det regionale hels...	59	80	●	
Pasienter og pårørende				
Avvik tiltro pasienter/pårøren...				
	-4	0	●	
Avvik tiltro pasienter og pårø...	-4	0	●	

5.1 Tiltru til tenesta – august månad

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tiltro).


Prosentdelen som har svært eller ganske stor tiltro til spesialisthelsetenesta er i september 78 prosent. Det er ein tilbakegang frå august, då tiltrua var på 81 prosent. Det betyr at vi er nede på det nivået vi såg i mai og juni. Endringa frå august til september er statistisk signifikant.

Med unntak av Helse Stavanger der tiltrua er lik den i august, er det nedgang i tiltrua i alle sjukehusområda. Størst er tilbakegangen i Helse Bergen (frå 85 til 80 prosent), og Helse Fonna (frå 79 til 71 prosent). Både for Helse Bergen og Helse Fonna er tilbakegangen statistisk signifikant. Den vesle tilbakegangen frå 73 til 72 prosent i Helse Førde, er meir å rekne som inga endring frå august. Endringa er ikkje statistisk signifikant.

Rangert meget stor tiltro eller ganske stor tiltro

Plass	Enhet	Prosent	Status
1	Helse Stavanger	81%	●
2	Helse Bergen	80%	●
3	Helse Førde	73%	●
4	Helse Fonna	71%	●

Utvikling over tid meget og ganske



5.2 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket har ein tilbakegang frå august til september. I september er denne 59 prosent, mot 62 prosent i august. Tilbakegangen er akkurat stor nok til å vere statistisk signifikant. Dette viser at også når det gjelder inntrykket ein har av helseføretaket, er vi ned mot dei nivåa vi såg i mai og juni. Dette er likevel over gjennomsnittet for alle målingane, som inkludert septembermålinga er 57,7 prosent.

